



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Følgjebrev for søknad om ferdigattest Gnr: 443 Bnr: 4 m.fl.

Det er tidligere gjeve mellombels bruksløyve for: veg, parkering samt 5 av nausta; naustrekkja med 2 naust mot nordaust og rekkja med 3 naust i midten.

Det søkjast no om ferdigattest for heile tiltaket.

Dette gjeld i tillegg til det som er nemnt over:

Kai, flytebyggje samt dei 3 siste nausta (rekkje mot sørvest)

Vest Oppmåling AS har i sin samsvarserklæring stadfesta følgjande:

«Firma Vest Oppmåling vart nedlagt i 2020. All måling og dokumentasjon vart utført før dette. Måling viser små avvik på kai.»

Når det gjeld «små avvik på kai» er dette forklart og tatt omsyn til under.

Det er føreteke ein synfaring av kommunen i forbindelse med melding om mogleg avvik mellom godkjent tiltak og utført tiltak.

Denne har saksnr: 20/13353.

Saka er no avslutta.

Når det gjeld differansen i høgde på felles kaifront:

Alle naust har tilnærma same innkøyringshøgde i bakkant.

5 av nausta (rekkja med 2 mot nordaust og rekkja med 3 i midten) har golv som er støypt med fall frå bakkant, til og med kaifront, mens dei 3 siste har flatare golv i nausta.

I tillegg har dei 3 sistnemnte og tredekke over kaien, noko som naturleg gjer att fall på kai her er retta i tredekke.

Dette kjem og fram i bilete kommunen hadde frå synfaring.

Det heile dreier seg om 2 forskjellige val av kaidekker og fall løysing, noko ein tenkjer vil vere opp til kvar enkelt og som ikkje rårer andre enn dei sjølve.

Kan såleis ikkje sjå att det skal vere naudsynt med endringsmelding, sjølv om det er differanse i høgde, då spesielt yst på kaifront.

Når det gjeld spørsmål rundt tilgjengelegheit/tilkomst er det no laga ein rampe omkring der det på bilete frå synfaring var ei trapp, såleis er ikkje dette noko utfordring.

Vonar att de er einige med oss, og att differanse på kaifront er mindre endring som ikkje må søkjast om endring på.

Arguinequin 31.03.2022

Med vennleg helsing

Ansvarleg søker

Marius Tenden for Hammar-Kameratane AS